

Tiltaksbank

Tiltaksbanken inneheld tiltak som er relevante i løpet av planperioden. Lista er ikkje uttømmende, og nye tiltak vil kunne takast inn over tid. Gjennom det årlege klimabudsjettet i handlingsprogrammet til økonomiplanen blir det årleg vurdert kva for tiltak som skal prioriterast for kommande år.

Direkte utslepp - sjøfart

1. Løfte cruisepolitikken til eit regionalt nivå med mål om å redusere klimagassutsleppa samla sett for regionen
2. Følgje opp cruisetillegget gjennom «Merke for berekraftig reisemål»
3. Oppmode om å setje maksimal tal cruiseanløp per sesong/ setje maksimal tal passasjerar per sesong
4. Oppmode om å innføre EPI (Environmental port index) i hamnene. Dette er en modell for kvantifisere og rapportere miljøpåverknad frå skip ved opphald i hamn, slik at skip med lågare utslepp premierast med lågare avgifter.
5. Etablere måling av luftkvalitet ved hamnene
6. Etablere landstraum i hamnene
7. Vurdere ytterlegare miljøkrav for skip i hamnene
8. Jobbe for krav om nullutslepp for båt til Selja ved neste kontraktinngåing
9. Oppmode overordna mynde til å satse på fornybare løysingar til sjøs

Direkte utslepp - jordbruk

1. Gje klimatiltak auka prioritering gjennom økonomiske tilskotsordningar som SMIL og RMP
2. Følgje opp driveplikta og auke kontrollen av areal som er ute av aktiv drift
3. Støtte opp under merkevara Nordfjord Smak
4. Stimulere til fleire dreneringstiltak i landbruksareal gjennom dreneringstilskot
5. Stimulere til miljøvennleg spreining av husdyrgjødsel gjennom regionale miljøtilskot (RMP), informasjon og rettleiing
6. Stimulere til klimarådgiving på gardsnivå gjennom tilskotsordning for klimarådgiving (ordninga avviklast frå og med 2026)
7. Stimulere til spreining av husdyrgjødsel på våren og i vekstsesongen, og auka lagerkapasitet for husdyrgjødsel. Dette gjerast gjennom å informere om tilskotsordninga «Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket» (IBU), som gir støtte til å bygge gjødselslager med mål om betre lagerkapasitet for husdyrgjødsel.
8. Unngå nydyrking av myr. Landbruksdirektoratet si rettleiar for korleis forbodet mot nydyrking av myr skal handhevast, skal nyttast i sakshandsaminga.
9. Stimulere til bruk av biokull i jordbruksjord gjennom regionale miljøtilskot (RMP)
10. Kontrollere at omdisponerte areal faktisk blir nytta som planlagt

Direkte utslepp - vegtrafikk

1. Sikre transporteffektiv arealplanlegging gjennom kommunen sin overordna arealpolitikk, og legge abc-prinsippet¹⁵ til grunn for lokalisering av næringsverksemdar
2. Bygge ut infrastruktur for mjuke trafikantar i tilknytning til tettstadene
3. Legge til rette for at fleire barn og unge kan sykle eller gå til skulen
4. Legge til rette for å etablere fleire ladepunkt i kommunen
5. Setje av tilstrekkeleg areal til etablering av hurtiglading og lading av tyngre køyretøy
6. Sikre tilstrekkeleg ladeinfrastruktur gjennom kommunen sitt planarbeid
7. Prioritere samarbeid med Skyss/Fylkeskommunen om betre kollektivtilbodet, både for lokale og tilreisande
8. Fleksibel bestillingstransport i Nordfjordeid sentrum frå sommar 2025
9. Jobbe for å vidareutvikle andre kollektive ordningar, som servicekyss og heim for ein femtilapp.
10. Vurdere å redusere krav til bilparkering i kommunale parkeringsnormer, samtidig som krav om sykkelparkering vurderast

Tiltak retta spesifikt mot kommunal verksemd:

9. Følgje opp kommunen sine «Rutinar og miljøvennlege anskaffingar» innan transport
10. Kjøpe inn el-syklar til tilsette i kommunen som eit supplement til tenestebil
11. Sørge for at heile den kommunale bilparken (personbilar) blir nullutsleppskøyretøy, gitt av transportbehovet kan dekkast av nullutsleppskøyretøy
12. Vurdere innkjøp av utsleppsfrie varebilar
13. Etablere fleire kommunale ladepunkt
14. Alle tilsette skal følgje Stad kommune si «Retningslinje for trafikksikker og miljøvenleg tenestereise for tilsette i Stad kommune» med mål om å redusere klimagassutsleppa frå våre tenestereiser
15. Vurdere å auke bruken av frivillig heimekontor for dei som har ein jobb kor dette er kan gjennomførast.
16. Effektivisering av varebiltransporten frå offentlege anskaffingar gjennom auka logistikkoptimalisering.

¹⁵.Abc-prinsippet går ut på å redusere bruken av personbil og fremme ein optimal utnytting av samla areal- og transportressursane. Meir om dette i Stad kommune sin «Lokal transportplan 2022-2034»

Andre direkte utslepp

1. Vedfyring: Oppfordre til å bytte ut gamle vedomner med reintbrennande omner
2. Vedfyring: Informere om betre fyringsteknikkar
3. Oljetank: Opprette lokal forskrift for å følge opp oljetanker med mål om å sanere oljetanker som ikkje lengre er lovlege
4. Oljetank: Sende ut infoskriv eller tilsvarande til eigare av oljetankar for å informere om forbodet mot oljefyring
5. Oljetank: vurdere å innføre fyrkjelgebyr (eller anna insentiv) til alle eigare av større fyrkjeler som ifølge kommunens register kan brukast med fyringsolje eller biobrenslar
6. Avfall: Vere pådrivar for at NOMIL reduserer klimagassutslepp knytt til avfallshandtering
7. Avløp: Følgje opp VAO-planen med mål om reduserte klimagassutslepp frå avløpssektoren
8. Bygg og anlegg: Forbetra logistikk og effektivisering innanfor bygge- og anleggsprosjekt
9. Bygg og anlegg: Søke klimasats om pilot-prosjekt på utsleppsfrie byggeplassar i 2025
10. Bygg og anlegg: Vurdere å setje krav om utsleppsfrie bygge- og anleggsplassar i kommunal regi innan 2030

Klimafotavtrykk

Tiltak retta spesifikt mot kommunal verksemd:

1. Bygg: Utarbeide sjekklister over klimakrav for offentlege nybygg og eksisterande offentlege bygg
2. Bygg: Vurdere miljøsertifisering for kommunale nybygg (til dømes BREEAM eller tilsvarande)
3. Innkjøp: Kommunen sine vedtekne «Rutinar og miljøvennlege anskaffingar» må nyttast i alle relevante anskaffingar
4. Energi: Innføre krav om tilknytning til Fjordvarmeanlegget for nye kommunale bygg der det er kostnadseffektivt å kople seg til fjordvarmeanlegget (sjå kapittel om «Fjordvarme i Stad» i kunnskapsgrunnlaget)
5. Energi: Vurdere å implementere plan for fornybar energi ved revidering av kommunen sin næringsstrategi
6. Energi: Vurdere å utvikle kommunale bygg med fornybar energi og energilagring med ladepunkt
7. Energi: Auka fokus på straumsparing i bygga våre
8. Innkjøp: Redusere mengda innkjøpte varer ved å fokusere på ombruk

9. Innkjøp: Revidere kommunale rammeavtalar på mat som gjer det enklare å velje berekraftig mat ¹⁶
10. Mat: Møtemat som blir bestilt inn i kommunal regi skal vere berekraftig ¹⁶
11. Mat: Oppmode einingane som bestiller mat til å ha fokus på matsvinn og berekraftig mat ¹⁶
12. Mat: Servere berekraftig mat ¹⁶ i kommunale helseinstitusjonar
13. Mat: Løfte fram skulehageprosjekt/kjøkkenhagar i skular og barnehagar
14. Mat: Løfte fram «Urbant landbruk»-prosjekt i kommunen
15. Miljøleing: Sertifisere all kommunal verksemd gjennom Miljøfyrtårn-ordninga
16. Miljøleing: Følgje opp det kommunale fotavtrykket med mål om å redusere klimafotavtrykket frå eige verksemd
17. Ombruk: Vurdere ombruk og oppgradering av eksisterande kommunale bygg framfor nybygg
18. Ombruk: Auka fokus på ombruk av ulike bygningsdelar ved ombygging eller riving av kommunale bygg
19. Ombruk: Få til meir ombruk på hjelpemiddel tilpassa menneskje med ulike funksjonsnedsettingar
20. Transport: Gjennomføre eit klimasats-prosjekt om el-syklar
21. Transport: Vurdere å delta i nasjonal mobilitetsveke på hausten

16. Berekraftig mat vil seie

- kortreiste matvarer (sesongbasert/lokalprodusert/norskprodusert),
- og/eller redusert forbruk av kjøtt, auka andel grønnsaker, korn, belgvekster, frukt og bær,
- og/eller økologisk mat,
- og/eller miljøsertifisert fisk eller kjøt

Tiltak retta spesifikt mot samfunnet:

1. Bygg og energi: Sikre kopling mellom energi- og arealplanlegging i alle reguleringsplanar
2. Byggesak/Plan: Styrke og synleggjere klima- og miljøomsyn som prinsipp i vedtak etter plan- og bygningslova
3. Byggesak/Plan: Hente inn kulturminnefagleg kompetanse i alle saker om ombygging, riving eller deling av eldre bygningar.
4. Byggesak/plan: Stimulere til solceller på tak og veggar gjennom byggesak og kommunale prosjekt
5. Energi: Oppmode innbyggjarane til å gjennomføre energieffektiviseringstiltak og auka lokal energiproduksjon (til dømes solceller, ENOVA-støtte)
6. Energi: Nytte grå areal (= allereie nedbygde område) til fornybar energiproduksjon, til dømes solceller
7. Energi: Oppmode offentlege og private byggeigarar i Nordfjordeid å kople seg på fjordvarmeanlegget der det er kostnadseffektivt
8. Energi: I revisjon av kommuneplanens arealdel bør ein vurdere å ta inn eit føresegn om å nytte fjordvarme i Nordfjordeid der det er kostnadseffektivt (sjå kapittel om «Fjordvarme i Stad» i kunnskapsgrunnlaget)
9. Landbruk: Vurdere å innføre krav om buplikt

10. Mat: Oppmode NOMIL til å få på plass vekstbaserte differensierte avfallsgebyr for matavfall for å redusere mengda matsvinn
11. Mat: Oppmode til å ete meir berekraftig mat¹⁷ gjennom å jobbe med kunnskapsformidling, haldningar og vaner
12. Mat: Redusere matsvinnet gjennom å jobbe med kunnskapsformidling, haldningar og vaner
13. Næring: Fremje klima som tema på eksisterande arenaer og møteplassar for næringslivet
14. Næring: Legg til rette for samarbeid for grøn omstilling gjennom klyngar og hubbar
15. Næring: Løfte fram grønne bedrifter og vise fram gode dømer
16. Næring: Still miljø- og klimakrav i utlysing og løyvingar til lag og organisasjonar (frå t.d. Oklafond)
17. Næring: Stimuler til at lokale verksemder miljøsertifiserer seg gjennom rådgjeving og informasjon
18. Transport: Oppmode til etablering av bildeleordningar og eventuelt også båtdeleordningar for fritidsbåtar
19. Sirkulære løysingar: Følgje opp hestesenteret på Nordfjordeid slik at hestegjødning på sikt kan nyttast som jordforbetring
20. Sirkulære løysingar: Få på plass separat innsamling av tekstilavfall i heile kommunen
21. Sirkulære løysingar: Oppmode innbyggjarane til å kompostere matavfallet sitt gjennom informasjonskampanjar
22. Sirkulære løysingar: Stimulere til auka reperasjon og gjenbruk, til dømes gjennom informasjon og arrangement
23. Sirkulære løysingar: Informere om tilskotsordningar til restaurering av verneverdige kulturminne som er prioriterte i kommunen sin kulturminneplan.
24. Sirkulære løysingar: Støtte opp under utlånsordningar for aktivitet og utstyr, til dømes BUA.
25. Transport: Oppmode til bildeling og samkøying

Klimatilpassing

1. Naturbaserte løysingar skal prioriterast som klimatilpassingstiltak, til dømes gjennom:
 - a. Opne vassløyser (opne bekkar, ta vare på våtmark, etablere permeable kvistdammar, etc.)
 - b. Auka infiltrasjon av nedbør (Vegetasjonskledd nedbørsfelt, graskledd avløpsgrøfter, regnbed, etc.)
 - c. Ta omsyn til historiske løysingar gjennom tradisjonelle byggemetoder, historiske landskap og kulturlandskap, til dømes ved overvasshandtering
2. Fordrøying og avleiing av nedbør (t.d. overvassdam, filterbasseng, etablere tørr renne)
3. Blå-grøn infrastruktur
 - a. Ta vare på parkar og urban natur med vassvegar
 - b. Stimulere til vegetasjon på tak og veggar gjennom byggesak og kommunale prosjekt
4. Sikre ivaretaking av strandsona ved å:
 - a. Ha minst mogleg utbygging i strandsona
 - b. Ta vare på sanddyner og strandparkløysingar

5. Skogane våre må forvaltast på ein måte som reduserer klimarisikoen
6. Følgje opp klimatilpassing i samsvar med VAO-rammeplan og kommunen sin temaplan om overvatn
7. Overvatn må følgast tilstrekkeleg opp gjennom plan og byggesak
8. Gode og treffsike vurderingar knytt til klimatilpassing må innarbeidast ved neste revidering av overordna ROS i kommunen som er planlagt i 2027, og andre relevante prosjekt
9. Kartlegge økosystem og karbonrike areal med funksjon for klimatilpassing

Arealbruk og naturmangfald

1. Stille krav til å vurdere klima i arealplanprosessar der det ikkje er krav om konsekvensutgreiing (KU)
 - a. I reguleringsplan: Gjere greie for korleis areal med store karbonlagre blir påverka av tiltak. Ved offentleg ettersyn av planer skal det i planbeskriving stå kva for karbonrike areal som blir berørt og om mogleg anslå nivået på utslepp av klimagassar.
 - b. Setje krav i oppstartsmøte (må nytte eksisterande mal for oppstartsmøte for å sikre dette)
 - c. Ta i bruk eit arealrekneskap som inkluderer karbon- og naturrekneskap i arealplansaker
 - d. Arealplanlegginga skal vere i tråd med «Statlige planretningslinjer for klima og energi» og «Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet»
2. Stille krav i arealplanprosessar der det er krav om konsekvensutgreiing (KU)
 - a. Rettleiar for konsekvensutgreingar (M1941) må følgast
3. Auka fokus på arealbruk og naturmangfald gjennom revisjon av arealstrategiane (del av kommuneplanen si samfunnsdel)
 - a. Vi skal ta særskilt omsyn til dei mest karbonrike areala i kommunen
 - b. Vi skal ta særskilt omsyn til sårbar natur og jordbruksareal i kommunen
 - c. Arealnøytralitetsprinsippet innarbeidast og konkretiserast
 - d. Vurdere å innføre økologisk kompensasjon (til dømes naturavgift)

4. Auka fokus på arealbruk og naturmangfald gjennom revisjon av kommuneplanen sin arealdel
 - a. Miljødirektoratet si rettleiar for konsekvensutgreiingar (M1941) må følgast
 - b. Ved omdisponering av jordbruksareal, må rettleiar for jordflytting følgast
 - c. Gjennomføre ei «planvask» for å rydde opp i utdaterte planar med mål om å hindre tap av natur
 - d. Få på plass overordna føringar for korleis vekte klima- og miljøinteresser i plansaker
 - e. Vurdere å sette av karbonrike areal til LNF-føremål
 - f. Vurdere å nytte omsynssoner til naturmiljø for å ivareta areal for klimaomsyn
 - g. Vurdere å kartlegge karbonrike areal
 - h. Område for restaurering av naturområde identifiserast
 - i. Utarbeide føringar for klima- og miljøvenlege hyttefelt
5. Utarbeide kommunedelplan for naturmangfald
 - a. Identifisere naturområde som kan vere aktuelle for restaurering
 - b. Identifisere karbonrike areal, særleg i område med utbyggingspress
 - c. Identifisere sårbar natur, særleg i område med utbyggingspress
6. Stimulere til berekraftig skogbruk:
 - a. Auke kontroll med foryngingsplikta i skogbruket
 - b. Stimulere til ungsogpleie
 - c. Motivere til at skogen står til hogstmogen alder
 - d. Motivere til rett val av treslag ved forynging etter hogst
7. Sikre at skjøtsel av kommunale grøntområde er i tråd med skjøtelsplanen for kommunale grøntareal i Stad kommune